

Nr. 2
1981

Februar

4.mai

Fremad og aldri glemme, vår styrke er enighet



DISKUSJON OM PU SITT HØYRE-VEDTAK

Vi vil understreke at vedtaket om høyreavviket i NKS som PU har fatta og som stod trykt i forrige nummer av 4. mai, ikke betyr at diskusjonen om disse spørsmålene er slutt. Tvert imot. PU visste at det var stor uenighet om vedtaket da det ble fatta, og vedtaket er ment som grunnlag for en diskusjon om disse spørsmålene i NKS.

Vedtaket er heller ingen fullstendig analyse av situasjonen i NKS og har helt sikkert mangler og feil. Vi ber kameratene kaste seg inn i

debatten, både de som er uenig og de som er enig med PU. Mange har allerede gjort det, som det framgår av denne utgaven av 4. mai.

Noen vil kanskje oppfatte debatten som uninteressant og bortkastet. Vi vil be de lese nøyde innlegget fra Bjørge, formannen i Bergen NKS, som oppsummerer svært viktige lærdommer av å undervurdere høyre.

Vi vil også be kameratene om å studere Pål Steigangs innledning om situasjonen i partiet (i landsmøtepapirene som dere har fått).



UTMELDINGER I BERGEN

Tre medlemmer av sentralstyret i NKS, K. [redacted], M. [redacted] og R. [redacted], har meldt seg ut av NKS. På de neste sidene har vi trykt utmeldingsbrevet fra de tre. For KMR gikk ut ble de holdt et distriktsmøte (samling av hele NKS i distriktet) som tok opp utmeldingene og situasjonen i NKS og partiet.

Forslaget til vedtak og utmeldingsbrevet som står trykt på neste side, ble på distriktsmøtet satt opp mot hverandre under en avstemning. Forslaget fra to kamerater i Bergen DS ble vedtatt på møtet.

På de neste sidene av bladet vil dere kunne lese en oppsummering fra formannen i Bergen NKS, hvor han kort oppsummerer noen viktige lærdommer fra denne saken.

Det står også en vurdering av utmeldingene og de utmeldtes standpunkt til viktige politiske spørsmål, samt et innlegg fra K. [redacted] som er skrevet da han fortsatt var medlem av NKS og sentralstyrets PU. K. [redacted] ns innlegg er motinnlegg til PUs vedtak om høyreavviket.

Vi ber dere lese disse innleggene grundig, og ta stilling til de politiske standpunktene som de tre utmeldte legger fram, sjøl om disse er svært vage. I utmeldingsbrevet legger de ikke fram politisk uenighet på viktige spørsmål i m-l-rørsla.

Til slutt vil vi si at utmelding som metode for å korrigere feil i rørsla er forkastelig, og betyr i praksis å oppgi kampen for sosialismen.

Forslag til vedtak:

1. Distraktsmøtet slutter seg til det enstemmige vedtaket fra partiets landsmøte det hele bevegelsen blir oppfordret til å stå sammen og forsvere enheten i m-l-bevegelsen.

2. Vi mener det er et godt grunnlag for dette gjennom vedtakene fra landsmøtet og landsmøtebevegelsen:

- Landsmøtet erkjenner at det står store uavklarte spørsmål i forbindelse med sosialisme-debatten og vedtok at denne debatten skal fortsette.

- Landsmøtet og landsmøtebevegelsen innebar skarp kritikk mot den gamle sentralkomiteen for feil i praktiseringen av demokratisk sentralisme. Denne kritikken er en viktig del av resultatene fra landsmøtet.

- Landsmøtet la et grunnlag for å forbedre eksternarbeidet ved å kritisere feil i bevegelsen som har svekket eksternarbeidet.

- Uansett hvilke vurderinger vi har av SK's an-

alyse av høyrefaren i bevegelsen, er det intet grunnlag for å si at arbeidsforholdene for en åpen og udogmatisk debatt er gjort umulige. Tvert imot viser både landsmøtet og valgene at det eksisterer og skal eksistere en åpen demokratisk debattstil.

3. Vi vil derfor sterkt beklage det om kamerater nå trekker ensidige og forhastede konklusjoner av landsmøtet og vil legge ned arbeidet i bevegelsen. Både partiet og NKS trenger disse kameratene arbeidskraft.

Vi mener og at disse kameratene trenger en sterkt m-l-bevegelse for å kunne få utrettet noe med sitt politiske standpunkt. Det vil være til stor skade for vårt arbeid blandt intellektuelle om disse kameratene nå går ut av bevegelsen.

Foreslått av 2 kamerater i
Bergen DS

Utmeldingsbrev

Landsmøtet har på ingen måte vist at partiet er samla og sterkt", tvertimot har sentralkomiteen si handsaming av diskusjonane før LM og vedtaka på LM svekka m-l-rørsla.

Vi vil gå imot LM si analyse av høgreavviket. Denne analysen hindrar m-l-rørsla i å gjennomføre heilt avgjerande diskusjonar, t.d. sosialismediskusjonen. Vi meiner SK har vist uvilje mot diskusjonar på viktige prinsipielle spørsmål, m.a.o. uttrykk for dogmatisme.

Etter vårt syn var hovudsida ved sosialisme diskusjonen (i den grad det har vore ein reell diskusjon) vore bra. Det var ein debatt om viktige uløyste spørsmål innan marxismen; men LM har på ingen måte ført oss nærmare svara på desse spørsmåla. Dersimot har LM og SK stempla meiningsmotstandarar som revisjonistar med standpunkt som i beste fall kan verta sett på som salt i borgarskapet sin graut. (KK3/1-81)

Vi vil beklaga oppslaga i Klassekampen etter LM. For det første vert det framstilt som om motsetningane i m-l-rørsla er løyste. Dette er ikkje noko anna enn medvite desinformasjon. Den måten LM vart gjennomført på, har desverre auka motsetningane og utdjupa skiljelinene. Ansvaret for dette kviler på SK i AKP.

Landsmøtet har og vist at den demokratiske sentralismen ikkje fungerer i m-l-rørsla. Synspunkt som står i motstrid til leininga vert hindra i å komme fram i open og sakleg debatt. SK er heller ikkje villig til å diskutera dette problemet, dermed vert vi stående igjen meld ein organisasjon som vert leia på byråkratisk sentralistisk vis.

På denne bakgrunn vil vi uttala at vi ikkje kan ha tillit til den nyvalde leininga i AKP.

Vi vil difor melda oss ut av AKP og NKS, og vil halda fram med å sloss for synsmåltane våre utanfor desse organisasjonane. Vi ser det som den einaste løysinga i den neverande situasjonen.

Lærdommer fra Bergen.

KAMPEN OM ENHET I BEVEGELSEN OG "SENTRISMENS" ROLLE

Det har gått høye bøljer i bevegelsen det siste året. Landsmøtet i partiet avklarte en del, men diskusjonen vil helt oppagt gå videre. I alle fall i NKS hvor den så vidt har begynt. Her borte har vi hatt noen utmeldinger (Bergen) og vi har blitt satt et godt stykke tilbake.

Grunn aget var synet på det interne livet:

Null demokrati, innbitt mistillit til partiledelsen, sterk uenighet i analysa av høyrefaren og uenighet/tvill om partiets strategi for sosialismen. Jeg skal ikke oppsummere hele denne saken (de kommer kanskje seinere). Men jeg vil ta opp en lærdom jeg mener vi kan trekke fra denne "kampen" og som jeg trur er viktig.

I innledninga si til landsmøtet gir Pål S "sentrismen" det glatte lag. Han mener den har gått i taktisk allianse med det åpne høyre (eks. gamle DS-formannen i Oslopartiet) hindra utviklinga av høyreanalyesen, glatta over feil hos andre og backa opp om kampen mot ledelsen. I det hele tatt fungert ganske bakstreversk.

Når kan en sikkert diskutere begrepet "sentrist" og om ikke PS er ensidig i fordømmelsen, men keg mener at noe av det jeg oppfatter som kejrna i hans analyse har mye for seg. Og den oppfatter jeg sånn: Om du står i en mellomstilling i en diskusjon, er du nødt til å kjempe på begge fronter og etterhvert er du nødt til å ta stilling til hva som er hovedsida. Særlig den første delen av denne påstanden mener jeg er viktig i dagens situasjon. Skal forsøke å begrunne det.

Det er mange som har stått og står i en form for mellomstilling i den partikampen som har vært/pågår. Jeg sjøl er en av dem, og svært mange av oss her borte. Vi har helt siden ifjor vår kjørt fram viktigheten av å oppsummere venstre, viktigheten av å behan-

dle kaderen korrekt, mot harde slag, nødvendigheten av at ledelsen "strekker ut ei hand" til medlemmene ikke kjører alle motsigelser over en kam osv. Dette her mener jeg har vært viktig, og at det fortsatt er. Vi har vært åpne for at det fins en høyrefare, men ikke vurdert den som så ekstrem som partilederen.

Så er det noen, bl.a. de som har gått ut, som har gått mye lenger i kritikken av ledelsen og avviste påstandene om høyre som en manøver fra ledelsen for å hindre videre debatt om partiets feil og sosialismedebatten. Dette har jeg og andre hele tida vært uenig i, men åssen har vi stilt oss til det. Har vi kjempa og argumentert hardt mot sånneanalyser? I svært liten grad. Dermed har det vært sånn at sjøl om det har vært viktige og reelle motsigelser mellom oss både på ledelsen og demokrati og på faren fra høyre, så har situasjonen vært altfor mye preget av liberalistisk fredstil i stand.

Hva har dette ført til? Og dette er POENGET! Det har ført til at det har kunnet utvikle seg et ensidig, falskt og skadelig SVARTSYN på partilederen, og på veldig mye av ml-bevegelsen i sinhelhet. Bare sånne "småting" som klare usakligheter og skittkasting mot enkeltpersoner eller ting som står i KK eller mot ting som er en del av ml-bevegelsen har blitt sett gjennom fingrene med og ikke imøtegått, har vært med, på å drive dette fram.

GRUNNEN til at det ikke har vært gjort kan ikke ha vært noe annet enn en eller annen slags ide om at "vi er jo mye enige ellers og vi må ikke skade enheten i bevegelsen med småting" o.l. En klin gærn og umarxistisk ide. Enhets oppnår vi ikke med tildekking av skadelige ideer og uenighet. Det oppnår vi gjennom kamp mot disse.


Denne ensidigheten som vi har stått for i praksis, har også hindra oss sjøl og ikke minst de som har gått ut, i å gripe karakteren av høyreavviket. Noe som igjen forsterka ensidigheten i vurderinga av partiledelsen og deres feil.

Vi var opptatt av at analysa til partiledelsen (og det som sto i 4. mai) var lite begrunna og overfladisk. Men gikk vi inn på den analysa med et "åpent sinn" for å diskutere hva som er rekti og gærnt med de enkeltepunktene. La vi sjøl fram materiale som kunne være med på å utvikle analysa i rekti lei? Vel, andre har gjort det. Og det er nå ganske klart at vi står i en situasjon der veldig mye er i ferd med å

trekke til høyre (ikke minst vår politiske praksis). Og dette må vi forstå helheten i, og kjempe mot, eller blir vi sugd ned i blautmyra.

Lærdommen er altså: Kameratslig og politisk KAMP mot gærne og skadelige linjer og trekk er metoden for å styrke enheten. Står du i en mellomposisjon, er du forplikta til å KJEMPE på begge sider. Uten å spå altfor sikert, men kanskje kunne vi hindra utmeldingene hadde vi skjønt dette før.

Bjørge, Bergen.



LAGSSTYRET PÅ STATSVITENSKAP/SOS.ØK (OSLO):

Laget på Statsvitenskap/Sosøk (Oslo) har diskutert høyreavviket. Under diskusjonen kom vi fram til at høyreavviket gjør seg sterkest gjeldende på følgende to områder:

- 1) På internasjonale spørsmål
- 2) På det organisatoriske plan

På møtet ble det fattet vedtak om at styret snarest ga en kort oppsummering av debatten.

Det var en enhetlig kritikk fra møtet om at følgende praksis er uakseptabel og udemokratisk:

Når personer trengs til å sitte i sentralstyre, distriktsstyre, hovedstyre i samskipnaden og til å delta på IK-seminarer, for å

nevne noen ormåder, har praksis vært personlig utplukking. Ledende cadre går til personer de kjenner som de kan tenke seg er villige til å påta seg tillitsverv. Denne "trynepolitikken" virker passiviserende på lagsvirksomheten, den hemmer "passive" i å ta del i debatten om hvilke personer som har egenskaper i tråd med oppgavene som foreligger, og de såkalte passive, de som ikke kjenner ledende cadre, får som regel ikke tilbud om spennende oppgaver. Vi mener er slik stil har ført til passivitet for de mange, og de aktive brennes opp.

Vi ser på denne praksisen som et viktig brudd med den demokratiske sentralismen.

UTMELDINGANE I BERGEN: EIT LÆRESTYKKE I HØGREFEIL

Tre medlemmer i NKS/Bergen, som også er sentralstyremedlemmer i NKS, har meldt seg ut av organisasjonen. Etter diskusjonar der heile distriktet har tatt del del, har fleirtalet av medlemmene teke avstand frå den politiske grunngjevinga for utmeldingane og sterkt beklaga at kameratane går ut. Sjølv om det er snakk om et lite antal folk som melder seg ut (sannsynligvis vil to kamerater til melde seg ut), så vurderer NKS/AU denne saka svært alvorleg av fleire grunner.

For det første er dette alvorleg fordi Bergen med dette mister nokså av sine mest erfarte kameratar som vi framleis rekner som revolusjonære. Sjølv om vi er usamde med kameratane i mange spørsmål, så meiner vi dei har sin plass i NKS.

For det andre, og det er viktigaste grunnen til at vi ser svært alvorleg på denne saka: utmeldingane og bakgrunnen for dei er eit av dei klaraste uttrykk for konsekvensane av å undervurdere høgrefeila i NKS. I så måte er denne saka eit viktig lærestykke for oss alle.

I det følgande vil vi ta opp tre saker:

1. dei utmeldte si vurdering av partiets landsmøtet.
2. deira vurdering av høgrefeila i NKS.
3. politiske lærdommar av denne saka.

1. A K P - L A N D S M Ø T E T .

Dei utmeldte, K^ren, M^r og R^r (heretter KMR), hevdar at LM har svekka m-l-rørsla, at særleg sosialismesdiskusjonen har vist at den demokratiske sentralismen ikkje fungerer i partiet, at LM og partileiinga vil "hindre synspunkt som står i motstrid til leiinga å komme fram i

open og sakleg debatt". På grunnlag av dette hevdar dei at dei ikkje har tillit til partileiinga og melder seg ut.

Dette er påstanar som det er umulig å forsvara dersom ein tenker gjennom kva som har skjedd i partiets landsmøtediskusjonar og dersom ein set inn i kva som faktisk vart vedtatt på LM. Tvertimot er det vårt syn at ikkje minst sosialismedebatten som no har pågått i halvanna år, er eit døme som viser at partiet har gjort viktige framganger i å utvikle demokratiet: Klassekampen har vore full av innlegg i månadsavis der "begge sider" har fått fordrive mange andre viktige diskusjonar, Røde Fane har hatt temanummer, sommarleirane har hatt innleiarar med forskjellig syn, partiet har arrangert debattmøter internt og eksternt der ingen kan hevde at "synspunkt som står i strid med leiinga vert hindra i å kome fram i open og sakleg debatt.

Så hevdar KMR at partileiinga har "stempla meiningsmotstandarar som revisjonistar" og viser til artiklar i KK. Dersom ein ser etter kva Steigan har skrive, så vil ein sjå at han har gjort det einaste rette for ein formann i eit kommunistisk parti: i staden for å lefle med borgarleg-parlamentarisme og vinne popularitet på grunnlag av dette, har han lagt vekt på vise at det er visse synspunkt som faktisk er uforenlege med marxismen. Prinsipiell motstand mot nokon slags særstilling for partiet under sosialismen meiner vi er eit slikt standpunkt. Å kalle revisjonisme for revisjonisme, er noko vi ser på som sjølsagt for AKParar. Men det gjer tydelegvis ikkje KMR trass i at dei sjølvé meiner partiet bør ha ei særstilling under sosialismen.

Kronargumentet til KMR for at partiet no er blitt byråkratisk-sentralistisk er LM si handsaming av sosialismediskusjonen. Etter LM skal vi no angiveleg vere attende i middelalderen der diskusjon vert erstatta av dogmatisme, stempling

og munnkorg. Det er berre inkvisisjonen som manglar. Vi syns denne argumentasjonen tyder på at spørsmålet om LM eigentleg er eit vikarerande argument for KMR. For dersom ein les LM-dokumenta (det har KMR gjort), vil ein sjå følgande:

-LM vedtok skarp kritikk av det gamle SK for feil i praktiseringa av den demokratiske sentralismen gjennom heile førre LM-periode.

-LM slo fast at det er mange uavklarte spørsmål i sosialismedebatten.

-LM vedtok separat at sosialismediskusjonen skal helde fram.

-LM slår fast at partiet skal ha ei særstilling under sosialismen, men kva form dette skal ha, uttalte LM seg ikkje om. Dette er spørsmål som partiet skal diskutere vidare. Det LM avgrensa seg mot, var å prinsippfeste likestilling mellom kommunistpartiet og borgarlege parti i eit framtidig sosialistisk Noreg.

På grunnlag av dette meiner vi at partiets landsmøte og landsmøterørsla har vist at KMR sine påstandar om at "den demokratiske sentralismen ikkje fungerer i m-l-rørsla" er grunnleggande feilaktige dersom vi tek utgangspunkt i faktiske forhold. Vi meiner LM si handlingsplan av spørsmålet om partiet si stilling under sosialismen, er eit av mange døme på at LM betyr viktige skritt framover for rørsla vår. Vi er ikkje minst glad for at LM avviste ulike variantar av "parlamentaristisk sosialisme".

2. HØGREFEILA I M-L RØRSLA: EIT PÅFUNN FRÅ PARTILEIINGA FOR Å HALDE PÅ MAKTA SI?

Sjølv om beklager at KMR melder seg ut, vil vi ikkje stikke under ein stol at KMR over ein lengre periode har utvikla synspunkt på ein rekke spørsmål som vi er usamde i. Samtlege av desse synspunktene går i ei retning, nemleg høgre. KMR har i sentralstyret og i DS dels forfekta høgreidear sjølv, dels bekjempa alle forsøk på å ta opp kampen mot høgre i organisasjonen. Dei har i NKS stått i spissen for ei linje med å gå

til åtak på partileiinga samstundes som dei har avvist at det finns alvorlege høgrefeil i NKS. I den grad KMR har innrørt at det finns høgrefeil i NKS, så har dei sagt at drsse er heilt uvesentlege i forhold til partileiinga sine venstrefeil. I diskusjonar om stoda på delområder (internasjonal arbeid, ideologisk kamp, kvinnekamp, osv.) har kameratane argumentert imot at det finns viktige høgrefeil.

Vårt syn på stoda i NKS er klart: vi sluttar fullt opp om vedtaket i politisk utval i sentralstyret som slår fast at det finns ein systematisk, alvorleg høgretendens som viser seg på mange område.

Vi vil ikkje her gå inn på ein vidare argumentasjon for analysen, bortsett frå på eit punkt som ein av dei utmeldte, Kr. n., tek opp i innlegg som er trykt i dette nummer av 4. mai. Vi vil anbefale alle å lese det K skriv om dette, fordi det er lærerikt på fleire måter.

K skriv at hovedproblemet internt er mangelen på kollektiv jobbing og at metoden for å løysse dette er ideologisk kamp mot liberalismen. Til dette vil vi seie to ting: For det første viser det at K erkjenner at det finns høgretendenser (utan at han vil kalle det høgre). Dette er bra fordi det viser at vi kan diskutere desse sakene på eit skikkeleg grunnlag. For det andre viser dette dømet klart at K undervurderer høgrefeila i det indre livet. Han meiner problema har si årsak i "mangel på kollektiv jobbing". Dette er opplagt veikskaper i vårt arbeid, men er dette år saka til høgrefeila i det indre livet?

Vi meiner årsaka til dette først og fremst er av ideologisk karakter: desse problema er først og fremst uttrykk for borgarleg ideologi, som t.d. å sette seg sjølv framfor kollektivet, prioritere karriere framfor politisk arbeid, bli liberalist i privatlivet og alt anna liv osv. Denne tendensen blir sjølsagt ikkje svekka av det lave skoleringsnivået i NKS. Berre dersom ein stiller problemet slik vil ein kunne forstå alvoret i feila i det indre livet og vere i stand til å korrigere desse.

Slik kunne vi gå gjennom dei utmeldte sine standpunkt på område etter område og vise korleis dei systematisk undervurderer dei klart borgariege og reformistiske tendensane i NKS. Og vi seier ikkje dette for stempel KMR som borgarar; vi seier det fordi det er ei viktig sanning som må kome resten av forbundet til del. Samstundes viser dømet med K MR kva som nettop kan bli konsekvensen av å undervurdere karakteren av den borgarlege innverknaden: at folk melder seg ut. Til slutt vil vi seie nokre ord om kva lærdommer vi kan trekke av utmeldingssaka i Bergen.

3. POLITISKE LÆRDOMMAR

Det er særleg to lærdommar vi vil trekke av denne saka: at det er svært farleg å undervurdere høgreviket, og at det er like farleg å ikkje ta opp kampen mot slike tendensar når ein har registrert dei.

Det som har skjedd i Bergen er ikkje noko som har skjedd over natta. Det er ikkje mulig å forstå det som har skjedd utan at ein trekker inn bakgrunnen.

Årsaken til at KMR har meldt seg ut er ikkje at dei har borgarleg arrestoff i seg. Dei attverande ka meratane i NKS-letinga i Bergen oppsummerer no etterpå at mykje av grunnlaget for at denne situasjonen har oppstått er at dei ikkje har reist kampen mot KMR sine synsmåtar på

-8-
eit tidlegare tidspunkt. I staden har dei fleste kameratane retta mesteparten av skytset mot partileiinga si praktisering av den demokratiske sentralismen. Dette har utvilsomt vore ein viktig diskusjon. Feilen har vore at demokratidiskusjonen har blitt prioritert på topp samstundes med at høgreidear har fått lov å utvikle seg utan motstand. Det høyrer med til historia at desse diskusjonane så og seie utelukkande har blitt ført på topplanet, utan at grunnorganisasjonane i Bergen har blitt dratt med.

Som det vil framgå av dokumenta fra landsmøtet i partiet har også partiet i Bergen undervurdert høgrefaren, og ein viktig del av ansvaret for den situasjonen som har oppstått ligg også på partiet lokalt, som heller ikkje har ført kamp mot høgrefeila i NKS.

Dei utmeldte rekner seg som vener av den revolusjonære rørsla og kjem til å samarbeide med NKSarar i sitt politiske arbeid. Vi vil oppmøde kameratane i NKS i Bergen til å halde fram med diskusjonane med dei utmeldte med målsetting å vinne dei attende til NKS. Men føresetnaden for at det skal lukkast er at ein tek opp kampen mot deira synsmåtar som på fleire område står i motsetnad til ein revolusjonær politikk.

På oppdrag frå NKS/AU

Per J.

VENSTRELINER FRÅ SK/AKP ER HOVUDFAREN I ML- RØRSLA I DAG

I denne oppsummeringa av stoda i m-l rørsla i dag, vil eg skilja mellom den politiske og organisatoriske stoda.

1. POLITISKE STODA

Eg meiner venstreliner frå sentralkomiteen (SK) i AKP(m-l) er hovedfaren i m-l rørsla i dag. På følgjande områder er det eg ser desse venstrelinene:


- Beretninga til landsmøtet i partiet har ei overflatisk oppsummering av venstreavviket i organisasjonen, både omfanget av det og årsaken til det. Konkret: synet på medlemmene, der eg meiner SK i praksis stod for ei line med å sjå på medlemmene som reiskap og ikkje som ein ressurs, oppsummeringa av dei politiske venstrelinene meiner eg er grunn.

- SK sin taktikk andsynes aksjonen mot forhandslagring, meiner eg var venstresekterisk. Den totale avvisninga av aksjonen i utgangspunktet meiner eg var feilaktig og skadeleg for m-l-rørsla.

- Partiet sitt arbeid, eller rettere sagt mangel på arbeid, med RV meiner eg er uttrykk for det same.

- SK si oppsummering av høgreavviket i partiet, som truger med å endra partiet sin karakter.

- Eg ser og klare tendensar til den gamle diskusjonsstilen, med harde slag og store ord.



Så over til SK sitt "høgreavvik".

Slik eg ser det har SK no sett igang ei kampanje mot eit høgreavvik, som dei visstnok trur truer AKP sin eksistens. Før landsmøtet sa Pål S -

at det var på tre måtar partiet kunne verta revisjonistisk på på det kommende landsmøtet:

- Det kunne verta vedtatt eit revisjonistisk prinsipprogram, det er punktet om sosialismen P.S. har i tankane når han seier dette.

- Det kunne verta vedtatt revisjonistiske vedtekter.

- Det tredje alternativet til P.S. var at det kunne verta velt ei leiing som berre i ord forsvara m-l-m, "men som ikkje har løfta ein finger for å slåss mot forsøkene på å revidere desse prinsippene!!!".

Dersom dette skal ha noko for seg må det dreia seg om store strøymingar (eventuelt fleirtalsstrøymingar) i partiet. Dette er ein karakteristikk som etter mitt syn er spinnvill. Sjølv i høgreavviket si stormaktstid (-72/73) var det al-

-9- dri snakk om at partiet var revisjonistisk, men no etter at det for første gang på fleire år har vore sk ikkelege diskusjonar om prinsipielle spørsmål (sosialisme diskusjonen) er det plutselig fare på ferde. (Eg kjem attende til denne diskusjonen nedanfor).

I SK sitt høgrebilete eksisterer det ingen venstrelinjer, heller ingen far for slike å vurdera etter materialet dei har lagt fram. Det vert ikkje løfta så mykje som ein åtvarabde veslefinger mot venstreavvik.

Det vert utbasert at "Et spøkelse er på ferde i Europa - et høyreopportunistisk spøkelse" (Røde Fane 7/80, ein lettare omskriving av eit kjent sitat.) Framstillinga av situasjonen i den internasjonale m-l-rørsla, er det medvite manipulering?

Grunnen til at eg stiller dette spørsmålet er følgjande:

- I det som har vorte kalla m-l-rørsla er det ulike tendensar, dei partia vi skrek i høgast om for nokre år sidan, er ingen av dei RF nemner. Men det var organisasjoner som KPD(m-l) i Tyskland og PCE(m-l) i Spania. Kvar står desse idag? Jau, i Albania-revisjonismen.

- Det partiet som vert brukt som skrekkenes eksempl på korleis det kan gå ,KPD, har AKP aldri hatt partisamband med. Det har kansje hatt samband med deira politiske liner?

- Kva slags parti/organisasjonar er det som vert trekt i RF utanom KPD? Kva slags praksis har dei hatt tidlegare, har vi hatt samband med dei osb. Ingen slike opplysninger får vi av å lese RF. Utanom i eit avsnitt som handlar om PCP(m-l), der vert det i forbifarten sagt at AKP aldri har sett på dette partiet som kommunistisk. Hvis ein dreg fram alle organisasjonar som kallar seg kommunistiske eller til og med marxist-leninistiske, vi har jo nokre i Noreg og, så er det ikkje vanskeleg å få landskapet til å stemma med kartet!

Mi vurdering av situasjonen i NKS.

Heile leiinga i NKS er samd om at hovedtenden-

sen i NKS er god, dette meiner eg er viktig å -10- understreka. Men der det er usemje, er på vurderinga av høgreavviket i NKS. Fleirtalet i PU meiner at det er eit systematisk høgreavvik i organisasjonen, dette er eg ikkje samd i. For å gå litt attende, i -78/79 stod det eit sterkt høgreavvik i NKS, stikkord lokalismen, dette stod absolutt sterkest i sentralstyret. Etter mitt syn skjede det eit medvite oppgjer med framfor og på landsmøtet til NKS i vår. Konklusjonen min er at høgreavviket ikkje har styrke seg i NKS, men tvertimot er svekka.

Kva så med sosialisme-diskusjonen, viser ikkje den klare høgreavvik i organisasjonen? Etter mitt syn nei. Eg vurderer denne diskusjonen slik:

Etter lang tids dogmatisme er vi byrja å diskutera reelt klassikarane, historia og dei sosialistiske landa og vår eiga historie, slik at vi kan komma fram til eit bilet av korleis vi vil at sbsialismen skal sjå ut i Noreg. Dette meiner eg er det viktigaste ved denne diskusjonen, og det vurderar eg altså som positivt. Samstundes har det etter mitt syn dukka opp avvik i diskusjonen, både av høgre- og venstre-karakter, men dette er båsider og det ville ha vore svært merkeleg om slike ikkje hadde dukka opp. Der som vi visste svara var det vel ingen vits i å diskutera desse spørsmåla. Men det er kanskje nokon som er forvaltarar av dei rette svara eller trur dei er det?



2. ORGANISATORISKE STODA

Er det slik at medlemmane er prega av open liberalism og at lystprinsippet fastset kva medlemmane vil gjera (eller etter julebords-prinsippet som visstnok er det siste i m-l-politiske karakteristikkar)? Etter mitt syn er ikkje dette hovudproblemet i organisasjonen vår.

Eg trur hovudproblemet er av ein annan ka-

rakter. Hovudproblemet vil eg stilla slik, mang el på kollektiv jobbing. Vi jobbar som einskilde personar og dreg ikkje lasset saman som ein organisasjon. Dette fører til at mange vert passive, dei vil gjerne jobba, men organisasjonen legg ikkje forholda til rette slik at desse er i stand til å verta ei kraft i arbeidet vårt. Eg vil og undersøka at eg ser ikkje på dette som eit nytt problem, men ein mangel i det politiske arbeidet vårt som har vore med oss så lenge som eg har vore organisert, dvs. over 10 år.

Korleis skal vi korrigera dette avviket? Eg trur einaste måten å verta kvitt det på, er ved ideologisk kamp. Gjennom kontinuerlige diskusjonar i små- og storlaga når ein står andsynes desse feila og kritikk mot einskilde kamaratar som står som dei fremste eksponentane for desse feila (for å unngå mistydingar, så meiner eg at det som oftast er leiande kamaratar som er eksponentar for desse feila).

Det var mitt syn, og så vil eg oppmoda andre til å kasta seg utpå slik at vi kan få ein frisk diskusjon.

PU MEDLEM

Merknad til innlegget:

Forfattar av dette innlegget er identisk med KI, som (slik det går fram av dei første innlegga i bladet) no er utmeldt av NKS.

Grunnen til at ein som ikkje lenger er medlem av organisasjonen får hove til å delta i interne debattar er, for det første, at innlegget var skrive før kamraten gjekk ut. Han tlhøyrd mindretallet i PU (jfr. PU-vedtaket om høgre som stod i 4. mai nr. 1 -81), og vart oppmoda til å legge fram sitt syn for medlemmane.

For det andre meiner vi det er rett å presentere dei politiske standpunktata til K for medlemmane av NKS.

Redaksjonen

REPLIKK OO

ER HØGREFAREN EIN FIKSJON?

Straks før bladet går i trykken viser det seg at partileiinga sitt svar på Kriens innlegg ikkje blir ferdig til dette nummer. Det følgande er difor nokre korte kommentar skrive i all hast

Eindel av K sin argumentasjon er imøtegått andre steder i bladet. Her vil eg konsetruere meg om to saker: 1. K sitt originale bidrag til høgredebatten der han følger parola med at åtak er det beste forsvar og hevdar at hovudfaren i rørsla er venstrefeil i partileiinga. 2. K sine "argument" mot høgreanalySEN.

VENSTREFEIL I SK HOVUDFAREN?

Dersom dette var rett, så måtte ein påvise at detter var ein systematisk, omfattande tendens som ga seg utslag i prinsipielle, programmatiske spørsmål, i organisasjonsspørsmål, i filosofo, i taktikk og dagskamp osv.

Ein slik argumentasjon forsøker ikkje K seg på eingong. Dei døma han trekk fram, viser at grunnlaget for hans påstand er at han er mot eit oppgjør med høgrefeil. La oss sjå på K sin analyse som er såpass uvitskapelig at Finn Sjøs artikkel om høgre i Røde Fane blir eit metodisk genialt verk i samanlikning.

"Beretninga oppsummerer tidlegare venstrefeil overflatisk og grunt". Takk for vitskapleg konkret kritikk. Kva meiner K er overflatisk og grunt? K har eit døme: At SK ikkje oppsummerer at dei tidlegare har hatt eit feil syn på medlemmane. Spørsmålet er: Er beretninga si oppsummering av venstre i hovudsak korrekt? Landsmøtet har oppsummert (se s. 16 i TF om Landsmøtet) at beretninga "mangler ei grundigere analyse av årsakene til høgreavviket. Videre er det en viktig svakhet at de klassemessige og ideologiske

røttene etil venstreavviket ikke er analysert. Det er også sider ved venstreavviket som ikke er summert opp". Landsmøtet er altså enig i K sin kritikk. Men er dette grunnlag for å påstå at venstrefeil i leiinga er ein hovudfare? Dette heng ikkje på greip verken logisk eller politisk.

"Sekterisme i forhåndslagringssaka". Partileiinga gjorde etter mitt syn feil i byrkninga. Men dette var ikkje hovudsaka. Dersom K sin argumentasjon skulle ha noko for seg må han vise at det er ein systematisk tendens til venstre i frontpolitikken og forsvarspolitikken. Eg vil svært gjerne sjå kva K eller andre kan føre til torgs av bevis for ein slik svært original påstand.

"Mangel på arbeid med RV". Eit därleg argument: For det første må K påvise at det står venstrelinjer i SK i synet på det parlamentariske arbeidet. At slike fins i partit, trur eg nok, men så vidt eg veit er det nettopp partileiinga som har kritisert dette. For det andre: Slike venstreidear finns i NKS også, men er desse NKS sitt ansvar?

Kort sagt: K sin "bevisførsel" for at venstrefeil i SK er hovudfare, kan han neppe tru på sjøheller. Det viktige er det siste "beviset": SK sitt syn på høgrefaren. Dette er K svært usamd i. Det er greitt nok, men er sjøl sagt ikkje noko fornuftig argument for at venstre er den store fare no. Dersom K og andre som er usamdi i høgreanalysen erm interessert i å vinne oppslutning for si line, så må dei snareast byrje å argumentere mot at det finns revisionistiske høgreadeiar i parti et og NKS i stadenfor å konstruere stråmenn om at venstre er hovudfare.


OM HØGREAVVIKET: K GÅR UTANOM SAKA

K si avvising av høgre er ikkje ein politisk begrunna kritikk av partiets analyse. I staden for å argumentere konkret mot eksistensen av høgreavviket, går K utanom saka. Det han reagerer på er to saker: 1. At Størn kan diste seg til å påstå at høgreavviket vil true partiet sin eksistens dersom det ikkje vert kjempa mot dette. 2. Ein voldsom indignasjon over Finn Størns agivelige metodefeil i hans artikkel i Røde Fane om høgretendensene i ml-rørsla i Europa.

Når det gjeld det første så er det heilt naturlig at Størn hevder dette utifrå hans vurdering av høgre. K sin kritikk på dette punktet blir meiningslaus sidan han ikkje ser på premissane for Størns vurdering.

Størns artikkel er meint å trekke fram viktige sider ved høgretendensene i Europa. Dette er sjølsagt ingen vitskpleg analyse av desse spørsmåla, noko Størn også slår fast. Men eg synest det er svært merkeleg at K synest å benekte at det eksisterer ein utbreidd høgretendens i den internasjonale kommunistiske rørsla.

Grunnen er sjølsagt at han er politisk usamn i å karakterisere t.d. synsmåtar som rettar seg prinsipielt mot partiets leiande rolle under sosialismen som høgre. Kvifor legg ikkje K vekt på ein slik politisk kritikk av høgreanalyisen?



-12-

Problemet for oss som vurderer høgre som ein realitet og har forsøkt å påvise at det finns slike tendensar, er at dersom vi skal innsjå at vi tar feil, må det argumentarast mot våre vurderinger.

Vi må overbevisast om at det ikkje er alvorlege tendensar til ultrademokrati i NKS. Vi må overbevisast om at linja med å benekte partiet si leiande rolle under sosialismen ikkje er revisjonisme, men tvettimot forenleg med marxismen. Vi må overbevisast om at det ikkje er ein alvorleg høgrefeil at NKS ikkje markerer seg som kommunistisk organisasjon. Vi må overbevisast om at det ikkje er ein alvorleg høgrefeil at NKS over lang tid har lagt ned den ideologiske kampen.

Vi må overbevisast om at det ikkje er ein alvorleg høgrefeil i NKS at vi ikkje markerer, oss overfor revisjonismen i SV. Vi må overbevisast om at den mangeårige nedprioriteringa av studiar og skoleing ikkje er ein alvorleg høgrefeil. Vi må overbevisast om at det ikkje står ein systematisk høgretendens i den internasjonale rørsla. Osv.

Kort sagt: Dei kameratane som er usamnne i at det er eit systematisk høgreavvik i NKS må slutte å gå utanom saka. Diverre er det akkurat dette K gjer i sitt innlegg. Enda meir utprega er denne tendensen i Bugge sitt innlegg i dette nummer av 4. mai. Det er heilt klart at vi er politisk usamnede, men la oss diskutere denne i staden for å konstruere stråmenn

Per J. 1.

OPPGJER(?) MED HÖGRE

KOMMENTAR TIL PU-VEDTAKET OM HÖGREFEIL I NKS. (4. mai 1 -81))

Det er bra at PU i dette vedtaket tek opp ein del problem som har eksistert i NKS i lengre tid og kallar dei med sitt rette navn: högrefeil. Eg vil og støtta hovudinnhaldet: at högrefeil gjer seg gjeldande på fleire områder i arbeidet vårt, og vidare er det bra at det vert lagt så mykje vekt på avvik i organisasjonsspørsmål.

Punkt 1 i vedtaket er sjølvsagt ingen usamdi. Punkt 2 derimot skal etter det eg forstår forklara leitinga sitt bidrag til högreavviket. Det heiter: "I løpet av 1979 var det klart at NKS var prega av tydelege opplösningstendenser. Desse tendensane hadde styrka seg over tid, og mykje av grunnlaget for dette er å finne i feilaktige linjer sentralt i NKS. Særleg viktig var den anti sentralistiske tendensen: Den delvise avviklinga av eit sentralt apparat, "lokalsmen" (berre det lokale arbeidet var viktig), nedbygginga av den sentrale propagandaen, svært få sentrale initiativ internt og eksternt."

Det første spørsmålet vert: Kvifor berre 1979? I alle høve galt dette Oslo: På det tidspunktet då sentralen vart nedlagt hadde klare opplösningstendensar allereie vunne gjennomslag i organisasjonen og interne debattar dreide seg stort sett om kor grusomt det var med direktiv og sentrale initiativ. Nedlegginga av sentralen var ikkje årsaka til opplysinga, men snarare eit resultat av og ein pådrivar for ytтарlegare opplysing.

"LOKALISMEN"?

Den politiske linja bak opplysingstendensane skal i følge PU vedtaket ha vore "lokalsmen" (berre lokalt arbeid er viktig).

Men realitetane er berre det at opplysingtendensane i 1978/79 aldri kom til synne ved at kreftene vart koncentrert om lokalt arbeid. Det er mulig at ein del leiande kameratar meinte at det burde verta slik, men faktum erat våren 79

var det ingen, og hausten 79 var det 2-3 kamerratar på Blindern som jobba med "lokalt arbeid" eksternt. Internt var livet prega av nedgang, færre og færre komp å lagsmøte.

Problemet var altså ikkje at "lokalt arbeid" vart prioritert opp og "sentralt arbeid" ned, slik PU-vedtaket gir inntrykk av. Derimot var problemet i det store og heile at folk gjekk på Club 7 og familiefestar i staden for å jobbe politisk, enten det var lokalt eller sentralt. Sosialisme/kommunisme og dagskamp fekk mindre og mindre betydning for livet til NKS-medlemmane. Det som "velta" sentralen var såleis ei linje som ville legga ned det kommunistiske arbeidet blant studentane. PU si problemstilling er heilt fiktiv.

Eit eksempel frå Oslo: Våren -79 dreide 95% av veggavisene våre på Blindern seg om utanrikspolitiske spørsmål, og arbeidet med desse var i stor grad leia av "sentralen", det same gjaldt DNS som (i alle fall i praksis) var hovudoppgåva vår. Vi hadde ei overvekt av "sentralt arbeid" og så og seie ikkje eit einaste lokalt initiativ. Men som sagt: problemet var altfor lite aktivitet i det heile. Om argumenta for å leggja ned "sentralen" var styrking av lokalt arbeid, så var dette i høgste grad vikarerande, tomt prat.

I følge PU-vedtaket har "lokalsmen" ført til "opplysingstendensar i organisasjonslivet, liberalisme, lite ekstern aktivitet, få møter med



Liberalisme...
Årsak til den nedgangen

